

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 15.06.2006 **Tid:** 17.00 – 19.20

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Sture Tveit
Geir Markhus
Sigmund Dyrhovden

I staden møtte:

Eva Hellevang
Beate Ingvarsen
Hjørdis Tysse

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef og ass.adm.sjef

Merknader: Helge Reistad var ugild i sak 14/06
Janne Drevsjø møtte i staden for Reistad i sak 14/06

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19. juni 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Jon Magne Bogevik og Nils Gåsdal saman med ordførar vart vald til å skriva under møteprotokollen.

UTVALET SITT KVARTER:

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om vedtak i naturutvalet i sak 26/06 "Riving av ulovleg oppførte bygg på gnr. 4 bnr. 25 og 83 i Trengereidfjorden" betydde at andre ulovleg oppsette bygningar i kommunen og skulle rivast.

Ordføraren svarte at vedtak i sak 26/06 var eit enkeltvedtak.

Arne Tverlid etterlyste opprusting av vassforsyninga på Tysse. Han viste til at det var sett av midlar på budsjettet. Han viste og til pressestoff som påpeikte samanhengen mellom eldre vassleidningsrøyr og dårleg kvalitet på vatnet.

Administrasjonssjefen orienterte om at arbeidet er planlagt utført til hausten.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren presenterte;

- Løypemelding frå prosjektgruppa sitt arbeid med kommuneplanen.
- Kompetansesenter for småkraft.

Ordføraren orienterte;

- Bassenget vert opna til skulestart
- Avtale om tomt til den nye barnehagen er ikkje på plass, men forhandlingsutvalet håpar å få underteikna avtale med grunneigarane før ferien.
- Ada Haugen leiar i eldrerådet har sendt informasjon til kommunestyret om at den 15. juni er verdsdagen for; "Bekjemp vold, overgrep, omsorgssvikt mot eldre"
- Det har vore møte med Helse Bergen på kommunehuset den 15.06.06 om ambulanse og beredskap.
- Distriktpolitisk virkemiddel – vert utvida frå 01.01.07 og Samnanger kommunar vert omfatta av ny og utvida ordning. Dette er ein kompensasjon for at kommunen vart flytta over i høgste arbeidsgjevaravgiftssone, og kjem som fylgje av tingingar med EU.
- Ordførar saman med kulturadministrasjonen og teknisk eining hatt møte med idrettslaget, fotballgruppa vedkomande vedlikehald på idrettsanlegget i Hagabotnane. Det er bestilt ei mindre lufting på bana i sommar, noko som gjer at bruken av bana kan gå som planlagt. Ordføraren vil be inn til eit møte med idrettslaget for å få ei avklaring av behovet for vedlikehald og kva ansvar dei einskilde partane har. Det vil og verta fremja sak om evt. tilleggsløyving til vedlikehaldet på første møte etter sommarferien.
- Tyssetunnelen – Det vert arbeid med ei sak om forskottering av midlar.
- Møteplan for hausten 2006 vert sendt ut med møteboka.
- Årsmelding kyrkja utdelt.

Inge Aasgaard som leiar av ad hoc utvalet for breiband orienterte om arbeidet:

- Utvalet har hatt møte med ulike aktørar som er aktuelle for utbygging av breiband. Utvalet har landa på at Kvamnett kan levere det beste tilbodet i lag med "Eikedalen panorama as". Dette fører til at Kvamnett og kan levere eit vesentleg billegare, fullgodt tilbod til resten av kommunen inkl. Høyseter. Heile utbygginga ligg under anbodsgrensa på kr. 500.000.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0013/06	06/00058 TILLEGGSLØYVINGAR OG BUDSJETTJUSTERINGAR
0014/06	06/00237 REGULERINGSPLAN BJØRKHEIM - MERKNADER

0013/06

TILLEGGSLØYVINGAR OG BUDSJETTJUSTERINGAR**Framlegg til vedtak::**

Det vert gjennomført budsjettendringar innan desse funksjonane og i denne storleiken.

		Budsjett	Rev. budsjett	ending
Inntekter				
1.9000.8000.8700	Skatt	46535000	45483000	-1052000
1.9000.8400.8000	rammetilskot	30567000	30975000	408000
1.9000.8500.8100	flyktingetilskot	1411000	600000	-811000
1.1400.3200.8901	konsesjonskraft	2800000	4729000	1929000
1.1400.3200.8901	konsesjonskraft forventa	4729000	6079000	1350000
1.9001.8700.9001	Renter etterbet. konsesjonskr			210000
1.1602.2228.7280	Mva. refusjon	0	1000000	1000000
1.9002.8800.9400	Bruk av disposisjonsfond/ overskot 2005			249000
Disponible meirinntekter m.m.				3180000
Oversikt over budsjettendringar - utgifter				
1.3100.2545	Tiltak funksjonshemma ungd	0	2075000	-2075000
1.3200.2520	Barnevern utanfor fam.			-240000
1.3200.2655	Husvære flyktingar			-115000
1.3200.2750.0890	Introduksjonsstønad flyktn			-130000
1.3200.2810	økonomisk sos.hjelp			380000
1.1601.3330.2303	Fast dekke	0	1000000	1000000
				-3180000

Administrasjonssjefen får fullmakt til å forestå den detaljerte budsjettjusteringa.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert gjennomført budsjettendringar innan desse funksjonane og i denne storleiken.

		Budsjett	Rev. budsjett	ending
Inntekter				
1.9000.8000.8700	Skatt	46535000	45483000	-1052000
1.9000.8400.8000	rammetilskot	30567000	30975000	408000
1.9000.8500.8100	flyktingetilskot	1411000	600000	-811000
1.1400.3200.8901	konsesjonskraft	2800000	4729000	1929000
1.1400.3200.8901	konsesjonskraft forventa	4729000	6079000	1350000
1.9001.8700.9001	Renter etterbet. konsesjonskr			210000
1.1602.2228.7280	Mva. refusjon	0	1000000	1000000
	Bruk av disposisjonsfond/ overskot 2005			249000
Disponible meirinntekter				3180000

m.m.				
Oversikt over budsjettendringar - utgifter				
1.3100.2545	Tiltak funksjonshemma ungdom	0	2075000	-2075000
1.3200.2520	Barnevern utanfor fam.			-240000
1.3200.2655	Husvære flyktningar			-115000
1.3200.2750.0890	Introduksjonsstønad flyktn			-130000
1.3200.2810	økonomisk sos.hjelp			380000
1.1601.3330.2303	Fast dekke	0	1000000	1000000
				-3180000

Administrasjonssjefen får fullmakt til å forestå den detaljerte budsjettjusteringa.

0014/06

REGULERINGSPLAN BJØRKHEIM - MERKNADER

Framlegg til vedtak::

Reguleringsplan for Bjørkheim med føresegner vert vedteken med denne endringa:

§ 11.1 Områda F/K/B 1 skal nyttast til blanda føremål for forretning, kontor og bustader. Bustader skal plasserast i andre etasje eller høgare. Bustader kan ikkje plasserast i plan med ferdig planert terrengnivå.

§ 12.1 Områda F/K/B 1 skal nyttast til blanda føremål for forretning og kontor.

Handsaming i møte:

Helge Reistad bad om å få vere ugild i saka fordi han sit i styret til "Bjørkheim kro og motell".

Han vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå.

Janne Drevsjø møtte i staden for han.

Arbeiderpartiet sette fram følgjande framlegg:

" Reguleringsplanen for Bjørkheim med føresegner vert vedteken med desse endringane:

§11.1 vert endra til:

Områda F/K/B 1 skal nyttast til blande føremål for forretning, kontor og bustad. (Andre setning går ut, resten står som i framlegget).

§12.1 Same endring som i §11.1 men skal ikkje omfatta bustad.

§4.1 vert teken ut av reguleringsføresegnene, og området kalla "offentleg trafikkområde" vert fjerna frå plankartet. Dagens løysing med busslomme på kvar side av hovudvegen med plass til 2 bussar samtidig blir vidareført.

Inngrep på gnr. 18 bnr. 43 (Oddny og Svein Helge Thunestvedt sin eigedom) vert halde på eit minimum samtidig som ein prøver å oppnå ei god vegløyning.

Ang. innkjøring for Bjørkheim kro og motell må dagens løysing vidareførast.

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå naturutvalet og Arbeiderpartiet sitt framlegg.

Arbeiderpartiet sitt framlegg fekk 9 røyster og tilrådinga frå naturutvalet fekk 12 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplan for Bjørkheim med føresegner vert vedteken med denne endringa:

§ 11.1 Områda F/K/B 1 skal nyttast til blanda føremål for forretning, kontor og bustader.

Bustader skal plasserast i andre etasje eller høgare. Bustader kan ikkje plasserast i plan med ferdig planert terrengnivå.

§ 12.1 Områda F/K/B 1 skal nyttast til blanda føremål for forretning og kontor.